

FURUHAUGEN BURETTSLAG

Nordgardshaugen 11F

Postboks 72, 5906 Frekhaug

13.11.2019

Meland kommune

Eigedomsavdeling v/ Erik Knag Johannesen

Oppstillingsplass for bosscontainer i Nordgardshaugen, på Gnr.23, bnr. 389

Det vert vist til telefonsamtale den 04.10.2019. Oppstillingsplassen for containerer som er etablert for dei kommunale bustadene i området ligg for det meste på Furuhaugen burettslag sin eigedom (gnr. 23 bnr, 389).

Burettslaget har ikkje innvendingar til sjølve plasseringa av containerplassen, men vi meiner at opparbeidinga av plassen og ferdigstilling av arbeidet ikkje er tilfredstillande.

Det bør kunne setjast opp ein enkel murkant rundt det planerte arealet, og få tilført litt jordmasser, som kan planerast i bakken mot murkanten. Det vil då verta lettare å halde området ryddig.

Slik som containerplassen framstår i dag viser det seg at det vert dumpa både vanleg avfall og hageavfall i bakken mot containerene.

Burettslaget ber om at kommunen ser på saka, og etter som containerplassen for det meste ligg på burettslaget sin eigedom, kontaktar underteika med tanke på å bli samde om ei oppgradering av overnemnde.

Mvh

Furuhaugen burettslag


Roald Bjørndal, styreleiar